




Bø turlag legg til rette for at små og store enkelt skal kunne ta seg ut i den flotte naturen og bli kjent i bygda.




Bø turlag arrangerer fellesturar, merker og legg til rette for turstiar, og engasjerer seg i friluftslivs-politikk og areal-planlegging, til beste for friluftslivet i Bø.

Dette gjorde vi i 2023:

Tilrettelegging - Bø turlag held vedlike ti turområde med over 135 km merka stiar. Dugnadsgjengen og dei stiansvarlege kloppa våte område og reparerte bruer. Dette er viktig når veret blir våtare og villare.

Politikk - turlaget arbeidde med å sikre friluftsinnteresser i Kommunedelplan for Lifjell, og i dei ulike partia sine program til kommunevalet. Vi var særleg opptekne av friluftslivet i nærområda. Dette arbeidet fortset i 2024.

Fellesturar - Lifjell på langs, sopptur og Bømarsjen var spesielt populære. Tur til Hellerdalen, kulturtur saman med Bø museum, rusleturane og trilleturane var andre aktivitetar.



Planlagde fellesturar i 2024

Lifjell på langs 17. mars, krevjande skitur.

Slettebergga i april, lågterskel – bli kjent med nye landsmenn.

Kulturtur 28. mai, samarbeid med Bø Museum.

Breisås på langs i juni.

Lifjell frå Reinstaul til Manheimstråndi i august, samarbeid med Seljord turlag.

Bømarsjen 22. september.

Sopptur i september.

Kvar veke er det **rusletur** i Evjudalen, og **trilleturar** for deg som er heime med små barn.

Lik oss og følg med på Facebook, Instagram og heimesida for turforslag og fellesturar!

Sjekk vår fine turapp!
Rettleiing på heimesida:



Bli medlem og støtt opp om Bø turlag!



Kr. 150,- for voksne, kr. 50,- for barn (under 16 år).
Når du betalar – hugs å oppgi navn og telefon

Kontonummer: 2630.07.03118
Vipps, søk på Bø turlag eller #731934

Er du ikkje medlem frå før:
Registrer deg på nettsida vår!

